

# Årsmelding for Edru Livsstil Nordhordland 2018/19

Årsmøtet 2018 vart halde søndag 18. mars kl. 19.00 – 19.30 i kantina til Frivilligsentralen i Nordhordlandshallen. Berre 5 medlemmer møtte. Det var servering av nybaka kringle, snacks og kaffi/te.

I styret vert leiar vald for eitt år. Dei andre for to år.

Styret i 2018/19 har vore:

<b>Sissel-Anny Hjelmtveit</b>	- leiar	(står på val 2019)
<b>Kjetil Willie Jacobsen</b>	- økonomi	(står på val 2019)
<b>Marit Barene</b>	- skrivar	(på val 2020)
<b>Kjell Olav Hjellum</b>	- styremedlem	(på val 2020)

Styret fekk fullmakt til å få inn eit ekstra styremedlem og ev. ein vara. Det er ikkje gjort.

## Styret sitt arbeid

Styret har hatt 3 møte og handsama 12 saker.

Styret har i fleire saker drøfta korleis ein kan få nye medlemmer, og korleis ein kan synleggjera laget.

- 1) Leiar har hatt innlegg i avisene Strilen og Nordhordland om arbeidet i laget, og om at me ynskjer nye medlemmer velkomne.
- 2) Laget hadde fått plassert roll-up for Edru livsstil og for Eldre, alkohol og einsemd under pensjonistseminaret til KnarvikMila 3.9.2018. I tillegg vart det lagt brosjyrar i mappene til ca. 400 seminar deltakarar.
- 3) Roll-upane var også med på KnarvikMila-seminaret på Nordhordland folkehøgskule 4.9.
- 4) Laget har hatt julehelsing-annonsar i lokalavisene Strilen og Nordhordland.
- 5) No i februar 2019 jobbar me med å få til vervestand i Nordhordland og Arna/Bergen.

**Medlemstal:** Fleire av dei som stod i gamle Lindås fråhaldslag, er gått bort.

Det var i 2018 26 betalande medlemmer. Fem nye kom til, både unge folk og midt i livet. Det er svært positivt at det kjem nye til utan at me har hatt vervekampanjar. Det same vil me satsa på i slutten av februar 2019.

**Økonomi:** Laget har motteke kr. 4.000,- i kulturmidlar frå Lindås kommune, kr. 349,- i mva-kompensasjon og medlemspengar kr. 400,-.

Av større utgifter var det eit etterslep frå 2017 på kr 11.434,- til Edru livsstil sentralt, og mat årsmøte 2018 på kr. 973,-.

Laget disponerer kr. 65.102 pr 30. januar 2019 etter at annonsane er betalte. Annonsen i Strilen, som er eigd av Schibstedt, var dobbel så dyr som i Nordhordland.

## **Deltaking**

Strategikonferansen i juni: *Marit representerte laget*

Planleggingsmøte Edru livsstil Ljoshall 27. sept: *Marit, Sissel-Anny og Kjell Olav møtte*

Førjulsamling Ljoshall 1.12.: *Sissel-Anny og Kjell Olav møtte*

Kjetil Willie Jacobsen/s.

Kjell O Hjellum/s.

Marit Barene/s.

Sissel-Anny Hjelmtveit/s.